



HOL PÅ TROMMEHINNA (PARACENTESE)

Praktiske opplysningar til deg som har vore til operasjon.

Når ØNH-legen stikk hol på trommehinna (paracentese) er det for å sjå om det har danna seg slim i mellomøret. Slimdanning kan gi nedsett hørsel, arr og av og til kronisk øyreibetennelse med hol i trommehinna.



OPERASJONSDAGEN

ETTER NARKOSE

Å kjenne seg trøtt og svimmel etter narkose er normalt. Dette kan vare til langt på kveld. Derfor må ikkje barnet vere åleine eller bli passa på av andre barn operasjonsdagen.

Tørrheit i munnen og raudflamma ansikt er ei følgje av medikamentet Atropin som blir gitt til barnet under operasjonen for å hindre slim i luftvegane.

Kvalme kan førekome.

Barnet kan drikke etter ein time, men vi anbefalar (om vegen heim er kort) å vente, for å unngå oppkast i bilen. Det er viktig at barnet drikk når det kjem heim.



Etter operasjonen er det normalt å ha temperatur mellom 37 – 38,5° C.
**Har barnet feber over 38,5° C ta kontakt med:
Vakthavande ØNH-lege på telefon 55 97 50 00.**

Vanlegvis har ikkje barnet smerter etter inngrepet. Om barnet tar seg til øyret og verkar som det har vondt, kan du gi paracetamol som stikkpille/flytande om barnet tåler dette.

Operasjonsdagen er det normalt at det siv litt væske frå øyret, nokre gonger også spor av blod.

ØYRESKYLJING

Øyreibetennelse med renning og puss blir behandla med øyreskyljing.



- Kok opp saltvatn av 1 liter vatn tilsett ei matskei salt, avkjøl til ca. 37 °C (det skal vere lunka).
- På apoteket får du kjøpt ein liten gummiballong med spiss tut. Denne fyller du med lunka saltvatn for skyljing. Du kan oppbevare saltvatnet eit døger under lokk i kjøleskap.
- Spyl øyregangen forsiktig rein for puss. Du må gjerne fylle 3-4 gonger ved kvar skyljing.
- Skyll ca. to gongar kvar dag i 4-5 dagar. Etter 5 dagar med øyreskyljing (evt. tidlegare om barnet har smerter/feber) tar du kontakt med ØNH-lege for kontroll.
- Unngå å bruke Q-tips eller å pirke inn i øyret.



Heftet er laga i samarbeid med Kirurgisk serviceklinikk